

Hå historielag  
Nordsjøvegen 3662  
4363 BRUSAND  
[hahistorielag@gmail.com](mailto:hahistorielag@gmail.com)

24. mars 2021

Hå kommune  
Rådhusgata 8  
4360 VARHAUG  
[teknisk@ha.kommune.no](mailto:teknisk@ha.kommune.no)

### **Innspel til varsel om oppstart og høyring av planprogram for 202105 Områdeplan for Grødaland næringsområde**

- 1) For eit museumsanlegg som Grødaland bygdemuseum er det særskilt viktig å ligge i eit jordbrukslandskap, med store buffersoner til anna aktivitet. Det opne jærlandskapet, samspelet med havet rett vest av tunet og fråvèret av andre forstyrrende landskapselement, er særskilt viktig for opplevinga og framstillinga av Grødaland som museumsanlegg.
- 2) Eit utvida næringsområde og auka næringsaktivitet vil kome betydeleg tettare på museumsområdet og –anlegget enn i dag.
  - a) Avstanden er i dag ca 330 m, som vil verte redusert til ca 210 m ved utbyggingsalternativ 1. Aktiviteten og bygningsmassen i næringsområdet står i sterk kontrast til jordbrukslandskapet kring museumsområdet, og vert oppleva som eit framandelement.
  - b) Utviding av næringsområdet som alternativ 1 vert difor fråråda.
- 3) Av dei aktuelle alternativa er nr. 3 det mest aktuelle, då dette ligg skjerna frå Grødalandstunet som museumsanlegg.  
Ut frå historisk utvikling av aktiviteten i Grødaland næringsområde, kan det verte behov for ytterlegare utviding av næringsområdet. Dette må takast med i vurderinga av kva for lokalitet ein vel for den nå omsøkte utvidinga. Eventuell ytterlegare utviding må kome i forlenging av alternativ 3 mot FV44.
- 4) Hå historielag oppmodar Hå kommune til å utarbeida reguleringsplan for Grødaland bygdemuseum (gnr. 14, bnr. 10 og 13) :
  - a) med føremål å verne om kulturminne
  - b) samt legge buffersoner kring museumsområdet på nærliggjande eigedomar med avgrensingar mot anna aktivitet og byggeføremål enn til landbruk.

Med vennleg helsing

Torfinn Nærland  
styreleiar  
Hå historielag

Kopi: Jærmuseet, Postboks 250, 4367 NÆRBØ, [post@jaermuseet.no](mailto:post@jaermuseet.no)